

Suldal kommune

Folketal- og elevtalprognose

For kommunen og skulekrinsane 2025-2040



Foto: Suldal kommune

Oppdragsnr.: 52501036 **Dokumentnr.:** 1 (tilleggsoppdrag) **Versjon:** 1
2025-08-21

Oppdragsgjevar: Suldal kommune

Oppdragsgjevar sin kontaktperson: Tore Bastlien Dahl

Rådgjevar: Norconsult AS, Valkendorfsgate 6, NO-5012 Bergen

Oppdragsleiar: Jostein Danielsen

Fagansvarleg: Dan Lysne

Andre nøkkelpersonar: Jostein Danielsen

1	2025-08-21	Folketal- og elevtalprognose for kommunen og skulekrinsane 2025-2040	Dan Lysne	Jostein Danielsen	Dan Lysne
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult Norge AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult Norge AS. Dokumentet må bare brukes til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Innhald

1	Føreord	5
2	Historisk utvikling	6
3	Metode og føresetnader for prognosen	11
3.1	Føresetnader	11
4	Folketalsprognosen samanlikna med dei siste framskrivingane frå SSB (2024)	14
4.1	Folketalsutvikling i kommunen	14
4.2	Aldersfordeling i folketalsprognosen	15
4.3	Folketalsprognose for skulekrinsane	21
5	Prognose for førskulebarn i kommunen og barneskulekrinsane	23
5.1.1	Heile kommunen	23
5.1.2	Erfjord skulekrins	24
5.1.3	Jelsa skulekrins	25
5.1.4	Marvik skulekrins	26
5.1.5	Nesflaten skulekrins	27
5.1.6	Sand skulekrins	28
5.1.7	Vinjar skulekrins	29
6	Elevtalsprognose for heile kommunen	30
7	Elevtalsprognose for dei einskilde skulane	31
7.1.1	Erfjord skule	31
7.1.2	Jelsa oppvekstsenter avd. skule	32
7.1.3	Marvik skule	32
7.1.4	Nesflaten oppvekstsenter avd. skule	33
7.1.5	Sand skule	33
7.1.6	Vinjar skule	34
	Tabellvedlegg	35
	Folketalsprognose for kommunen og skulekrinsane	35
	Norconsultprognosen samanlikna med SSB-framskrivingane frå juni 2024	38
	Elevtalsprognose for kommunen og skulane	39
	Busette barn i førskulealder i kommunen og barneskule- krinsane	41

1 Føreord

I samband med vårt oppdrag knytt til utarbeiding av eit samla kunnskapsgrunnlag for barnehage- og skulebruksplan for Suldal kommune, har Norconsult og utarbeidd ein ny folketals- og elevtalsprognose for heile kommunen og alle skulekrinsane for perioden 2025-2040. Oppsummering av prognosen er presentert i denne rapporten.

Hovudfokus i prognosen har vore på venta utvikling i aldersgruppene som omfattar førskulebarn og barn i grunnskulealder, men prognosen kan også nyttast av andre tenesteområde enn skule og barnehage, ikkje minst i pleie- og omsorgssektoren og i overordna kommune- og økonomiplanarbeid.

Tala som er presentert for andre aldersgrupper enn skulealder i rapporten, følgjer aldersinndelinga i inntektssystemet til kommunane. Tabellar for andre aldersinndelingar, finn ein i vedlegget til rapporten.

Statistisk sentralbyrå (SSB) lagar annakvart år nye framskrivingar for folketalet i alle kommunar, men desse framskrivingane vert laga med kommune som minste geografiske nivå og tek ikkje omsyn til lokale skilnader innafor den regionen som kommunane ligg i, til dømes planlagt/venta bustadbygging og lokale politiske føringar som kan påverke folketalsutviklinga. I Suldal kommune gjeld dette m.a. planar om vidare busetjing av flyktningar i åra framover (etter å ha busett 267 flyktningar dei siste 4 åra, er det for 2025 vedteke busetjing av 20 nye flyktningar).

Dei siste framskrivingane frå SSB frå juni 2024, har for landet sett under eitt - lågare befolkningsvekst kombinert med ei sterk aldring av befolkninga. SSB ventar fleire fødselar enn dødsfall fram til 2045. Etter dette vert veksten i folketalet ifølgje SSB drive av innvandring aleine. Delen innvandrarar i befolkninga er venta å auke frå litt under 17 prosent i dag til omlag 22 prosent innan 2050. I løpet av det neste tiåret ventar SSB at landet sin befolkning vil bestå av fleire eldre over 65 år enn barn og unge (0-19 år). SSB sitt hovudalternativ legg til grunn at fruktbarheita vil auke litt dei næraste åra frå det historisk låge nivået i dag. Venta levealder i befolkninga er venta å auke i alle SSB sine alternativ ut heile dette hundreåret.

I Suldal kommune har busetjing av flyktningar bidrege til ei positiv befolkningsutvikling dei siste par åra, men om en ser forbi dette, ser framtidsutsiktene meir usikre ut. Kommunen har ei uheldig aldersfordeling med tanke på framtidig befolkningsvekst og har allereie ei stor eldrebefolkning samanlikna med mange andre kommunar. Kommunen har på 2000-talet hatt om lag like mange fødselar som dødsfall, men fleire år med relativt stor negativ nettoinnflytting. Dei siste par åra med stor innvandring og busetjing av flyktningar har gjeve kommunen eit pusterom i den negative folketalsutviklinga. Om mange av dei nye innbyggjarane vel å flytte på seg, noko ein ser tendensar til i andre kommunar, vil Suldal kunne oppleve ein relativt stor nedgang i folketalet i åra framover.

For dei fleste aldersgruppene ligg Norconsult sin prognose seg litt over SSB sitt hovud-framskrivingsalternativ frå 2024. Dette heng nok saman med at SSB har vald å ikkje legge seg for høgt med flyktning- og innvandringstala. Vår prognose syner ei relativt optimistisk og stabil utvikling i første del av prognosen, før starten av eldrebølgja tek over styringa utover i perioden.

Det er berre aldersgruppene over 80 år som kan vente å auke utover i perioden, medan dei andre kan vente større eller mindre nedgang i prognoseperioden sett under eitt.

Statistikar/seniorplanleggjar Dan Lysne har vore ansvarleg for utarbeiding av prognose og rapport.

Rådgjevar oppvekst Tore Bastlien Dahl har vore vår hovudkontakt i Suldal kommune. Kommunen har m.a. skaffa oss historiske befolkningstal frå SSB, opplysningar om kretsgrenser, bustadbygging og næringsutvikling, samt prognose på ungar i barnehage og skule hausten 2025 og fødselstal i 2025.

Norconsult takkar for oppdraget og håper prognosen vil komme til nytte.



Bergen 21.08.2025, Dan Lysne

2 Historisk utvikling

Alle figurane i dette kapittelet er laga med tilgjengelege data frå statistikkbanken til SSB.

Befolkninga i kommunen

Figurane nedanfor syner folketalet i Suldal kommune på 2000 talet, samt nettoinnflytting og fødselsoverskot (talet på fødte minus talet på døde) i same periode. Nettoinnflytting reknast som summen av innanlandsk og utanlandsk innflytting minus tilsvarende utflytting.




Folketalet i kommunen vart redusert med om lag 250 personar dei første 20 åra etter årtusenskiftet. Det var ein liten oppgang midt i perioden, men tendensen har samla sett vore meir negativ enn positiv. Dei siste par åra har busetjing av flyktningar og ordinær innvandring gjort at folketalet har auka relativt mykje. Til saman har det vorte busett 267 flyktningar dei siste 4 åra.

På 2000-talet har kommunen samla sett hatt om lag like mange fødslar som dødsfall. Endringa i folketalet har difor i hovudsak samanheng med endringar i talet på flyttingar inn og ut av kommunen, og i dei siste åra busetjing av flyktningar.


Alderssamansetjinga i kommunen, som vi kjem attende til litt lenger nede, syner at fødselsoverskotet i åra framover truleg vil bli meir og meir negativt. På sikt må både fødselstalet og innflytting i yngre aldersgrupper aukast for å kunne oppretthalde folketalet i kommunen. Busetjing av flyktningar har vore positivt for utvikling av folketalet i kommunen dei siste åra, men det er vanskeleg å sjå for seg at det berre er dette som skal oppretthalde folketalet i kommunen. Etablering og utvikling av nye arbeidsplassar, samt nok bustader og tomter til nye som vil etablere seg, vil truleg være nøkkelen for å få fleire unge vaksne og andre vaksne i arbeidsfør alder til å etablere seg i kommunen, men her er det samstundes mange kommunar som kjempar om dei same folka.

Figuren under syner aldersfordelinga i dagens befolkning i Suldal kommune samanlikna med Rogaland fylke og landet som heilskap.




Figuren syner at andelen av befolkninga i førskule- og skulealder er omtrent den same i Suldal som i Rogaland og landet sett under eitt. Dette er i og for seg positivt, men samstundes er det viktig å vere klar over at fødsels- og barnetala i landet som heilskap ikkje er høge nok til å oppretthalde folketalet på lang sikt. Andelen i aldersgruppa 16-22 år er kanskje overraskande nok litt høgare i Suldal enn i Rogaland og landet sett under eitt. I aldersgruppa 23-66 år er det ein markert lågare andel i Suldal enn i Rogaland og landet sett under eitt, medan andelen i aldersgruppene 67 år og over er betydeleg større i Suldal enn i Rogaland og landet sett under eitt.

Figuren på neste side syner talet på busette i Suldal i eittårige aldersgrupper ved det siste årsskiftet. Her ser ein m.a. at det er små årskull som no er på veg inn i grunnskulen og mange store årskull i 50- og 60-åra som vil nå pensjonsalder i denne prognoseperioden. I den komande prognoseperioden vil Suldal, som mange andre kommunar, oppleve at eldrebølga vil slå inn med full styrke.



I tillegg til store årskull i tidleg pensjonsalder og endå større årskull på veg, syner figuren over at storleiken på dei årskulla som i dag går i grunnskulen (blå og mørk raud farge) er store, medan storleiken på årskulla i førskulealder (1 til 5 år) indikerer at det kan ventast lågare elevtal i grunnskulen dei næraste åra. Ei eventuell nettoinnflytting av familiar med småbarn vil kunne redusere nedgangen.

Gjennomsnittlege årlege endringar for kvart årskull i Suldal kommune dei siste 5 åra er vist i figuren nedanfor.




Om ein legg til grunn den auken som har vore for dei yngste årskulla dei siste åra, finn ein at årskulla 1 til 5 år i gjennomsnitt har auka med rundt 8 barn etter fødselsåret fram til dei startar på skulen. Dei siste fem åra har det og vore ei ytterlegare netto tilflytting av barn i grunnskulealder. Om denne netto

innflyttinga av førskule- og grunnskulebarn held fram, vil den forventa nedgangen i elevtalet i grunnskulen bli noko lågare enn det fødselstala dei seinare åra syner. Det er likevel viktig å gjere merksam på at veksten i barnetala dei to siste åra truleg heng saman med busetjing av flyktningar med små barn og at auken i dei nye årskulla vil bli mindre i åra framover.

Netto innflytting i aldersgruppene 0-15 år og 27-50 år kan forklare det meste av folketalsauken som har vore dei siste par åra. Igjen har stor innvandring hatt mykje å seie for dei høge tala. I aldersgruppene frå 20 til 26 år vil det sannsynlegvis vere ein del som flyttar ut på grunn av utdanning. Nokre av utflyttarane finn ein truleg, etter nokre år, igjen blant innflyttarane i aldersgruppa over, men på langt nær alle. Bak søylene for dei eldre aldersgruppene vil det nok og vere litt flyttebevegelsar, men her utgjer dødsfall størsteparten av dei negative talla.

Figuren nedanfor syner utviklinga i aldersgruppene 0-15 år i Suldal kommune etter tusenårsskiftet. Figuren syner utviklinga i førskule-, barneskule- og ungdomsskulealder kvar for seg.




Figuren syner at barnetala i kommunen har vore litt på veg ned i denne perioden. Nedgangen i førskulebarn tidleg på 2000-talet ser ein tydeleg igjen i tala for barneskulealder nokre år seinare. Auken i førskulebarn rett etter 2010, ser ein igjen i barneskulealder nokre år seinare og i ungdomsskulealder mot slutten av perioden.

Nedgangen i førskulebarn dei siste 10 åra er det mest dramatiske i denne figuren. Dette vil snart merkast i barneskulen - og deretter på ungdomssteget. Ei eventuell ny nettoinnflytting av barnefamiljar – i første rekkje ved hjelp av flyktningar og innvandring, vil eventuelt kunne redusere den venta nedgangen.

Bustadbygging

Det har vore bygd om lag 290 nye bustadar i Suldal kommune dei siste 20 åra. Årlege tal på ferdige nye bustader (raude søyler i figuren under) har variert frå ingen (i 2007) til 30 (i 2016). Gjennomsnittet har vore 14,5 nye bustader årleg. Dei 5 siste åra har det til saman vore bygd 46 nye bustadar. Samtidig vart det i 2024 gjeve godkjenning for bygging av 50 nye bustadar, som mest handla om hyblar til elevar på ToppVolley (som ikkje er folkeregistrert i Suldal).

Den store busettinga av flyktningar dei siste par åra, med stor auke i folketalet i kommunen, er gjennomført utan at det er bygd mange nye bustader. Me har fått opplyst frå kommunen at busetjing av flyktningane i praksis har «støvsuga» leigemarknaden for ledige bustadar i kommunen. Ledige eldre bustadar, leilegheiter og hyblar er fylt opp og fleire feriehus/hytter er omgjort til heilårsbustadar.



Mrk: I og med at det kan gå nokre år frå arbeid på nye bustader vert starta til dei faktisk er bygd, og fordi enkelte meldte igangsetjingar ikkje vert realisert, er det ikkje lett å sjå klare samanhengar mellom dei raude og blå søylene i figuren.

3 Metode og føresetnader for prognosen

Folketal- og elevtalsprognosen er utarbeida av Norconsult i juli 2025 og gjev ei samla oversikt over forventa utvikling i kommunen for dei komande 16 åra.

Alle berekningar og analysar er utført i Norconsult sine eigenutvikla berekningsmodellar for befolkningsprognosar. Desse har vore brukt i ulike kommunar over heile landet i over 30 år.

Prognosen tek utgangspunkt i den registrerte befolkninga som er busett i kommunen sine grunnkrinsar pr. 1. januar 2025 og offisielle elevtal på skulane i skuleåret 2024/25 (frå GSI). Frå kommunen har vi og fått dei siste elevtala på skulane for skuleåret 2025/26 (her kjem dei offisielle GSI-tala først seinare i haust).

Det er barneskulane sine skulekrinsar som er minste geografiske eining i rapporten. Denne inndelinga vert og brukt for barnehagane.

Dei ulike skulekrinsane er sett saman av grunnkrinsar på følgjande måte:

Erfjord:	0301 Fjellet – Håland, 0302 Lovradalen – Kolstø og 0303 Erøy.
Jelsa:	0304 Foreneset, 0305 Høyvik, 0306 Jelsa og 0307 Hebnes – Vormestrand (5% / Foldøy)
Marvik:	0101 Ås, 0307 Hebnes – Vormestrand (95%), 0308 Tveit - Finnvik Vestre, 0309 Refsbygd – Finnvik Austre og 0310 Marvik.
Nesflaten:	0201 Hamrabø – Littlehamar (90%), 0202 Nesflaten – Bratlandsdal, 0203 Roaldkvam – Bleskestad og 0204 Bråtveit.
Sand:	0103 Sand og 0104 Sandsbygda. Busette i 0102 Fattnes – Vanvik er og plassert på Sand (elevar frå denne krinsen går på skule i Sauda kommune og barn i skulealder er heller ikkje rekna med i elevtala for Sand skule)
Vinjar:	0201 Hamrabø – Littlehamar (10%), 0205 Kvildal, 0206 Veka, 0207 Suldalsosen, 0208 Suldalseid – Lundargard, 0209 Førland og 0210 Ulladalen.

(For dei grunnkrinsane som er delt mellom fleire skulekrinsar, er det gjort ei vurdering av %-vis busetting i ulike delar av grunnkrinsane).

Ungdomssteget:

Alle elevar frå skulane i Suldal kommune vert samla på Sand skule på ungdomssteget. Det gjeld og elevar frå Hjelmeland kommune (Erfjord skule). Elevar frå grunnkrins 0102, som går på barneskule i Sauda kommune held fram på ungdomssteget i den same kommunen.

3.1 Føresetnader

Prognosen byggjer på ei vidareføring av aldersfordelte flyttemønster, fruktbarheit og dødelegheit i kommunen dei siste fire åra og forventningar knytt til redusert omfang av busetjing av flyktningar.

Utgangspunkt og føresetnader for prognoseutrekningane kan oppsummerast slik:

- Aldersfordelt befolkning i Suldal kommune pr. 1. januar 2025 (tal frå SSB på grunnkrinsnivå, fordelt til gjeldande skulekrinsar).
- Fruktbarheit og dødelegheit: som gjennomsnittet for dei siste 4 åra, men fruktbarheita for heile kommunen er styrt slik at talet på fødslar ligg mellom SSB sitt låge framskrivingsalternativ og hovudframskrivingsalternativ frå 2024 gjennom heile prognoseperioden, medan dødelegheita ligg på nivå med føresetnadane i hovudframskrivingsalternativet til SSB.

- Aldersfordelte flyttemønster inn i, ut av og internt i kommunen som i åra 2021-2024, er lagt til grunn for den aldersfordelte flyttinga i åra framover (men tala er justert for venta endringar i busetjing av flyktningar).

Busetjing av flyktningar:

Omfanget av busetjing av flyktningar i Suldal kommune dei siste åra er opplyst av kommunen å vere 14 i 2021, 90 i 2022, 90 i 2023 og 65 i 2024 og 25 i 2025. Det finst naturleg nok ikkje tal for busetjingar i åra om kjem, og det er heller ikkje tatt høgde for dette i utrekningane for åra etter 2025.

Bustadbygging:

I dei fleste kommunar der vi lagar prognosar på skuleskrinsnivå, legg vi til grunn tal og informasjon frå overordna planavdelingar i kommunane på sannsynleg bustadbygging i dei ulike krinsane for kvart år i prognoseperioden. I Suldal kommune har vi kome fram til at vi ikkje kan bruke bustadbygging som ein viktig faktor i prognosen. I Suldal ønskjer kommunen at folk i utgangspunktet skal få busette seg i dei krinsane dei sjølv ynskjer. Nye bustader må sjølv sagt gjennom vanleg søknadsprosess og godkjenning, men kommunen opererer ikkje med større bustadfelt der fleire bustader vert bygd ut på same tid.

Bustadbygginga i skulekrinsane dei siste 4 åra syner følgjande tal for ferdige bustader:

Skulekrinsar	Ferdigstilte bustader				Snitt 2021- 2024
	2021	2022	2023	2024	
Erfjord	1	1	4	3	2,3
Jelsa	5	1	0	0	1,5
Marvik	2	4	0	2	2,0
Nesflaten	0	0	0	0	0,0
Sand	1	2	2	6	2,8
Vinjar	1	0	0	0	0,3
Sum pr. år	10	8	6	11	9

Tabell for bustader som har fått godkjenning for å kunne bli bygd i den same perioden, skil seg frå tabellen over i to krinsar:

- Jelsa har kun ein ny bustad som det er søkt for dei siste 4 åra
- Sand har 59 nye bustader som det er søkt for, men 44 av desse er hyblar til ToppVolley-elevar som gjerne ikkje er formelt busett i kommunen.

Arbeidsplassar og næringsutvikling i kommunen:

I arbeidet med vurdering av flytting inn og ut av kommunen har vi og snakka med kommunen om næringsutvikling og nye arbeidsplassar som kan tiltrekke seg nye innbyggjarar. Slik vi forstår det er det planar for ei stor kraftutbygging i Nesflaten krins og Norsk Stein har eit stort pukkanlegg i Jelsa krins. Slik vi forstår det er det likevel ikkje grunn til å tru at dette vil trekkje til seg mange nye fastbuande. Det vil nok bli lagt til rette med brakkebygg for pendlande anleggsarbeidarar frå andre kommunar.

Tilleggsføresetnader for elevtalsprognosane:

- Elevtala i alle skuleåra til og med 2024/25 er offisielle tal frå GSI (grunnskulen sitt informasjonssystem).
- Elevar som allereie går på ein skule, held fram på denne skulen, sjølv om elevane bur i ein annan krins.
- Nye elevar frå grunnkrins 0102 Fattnes – Vanvik går - som i dag - på skule i Sauda kommune. Det er ikkje tatt høgde for at andre elevar frå Suldal går på skule i andre kommunar.
- Erfjord skule har nokre elevar frå Hjelmeland kommune
- Det er ikkje friskular i eller nær kommunen. I utgangspunktet burde difor elevtal og talet på busette på kvart årstrinn vere like, men på grunn av ulike registreringstidspunkt for elevtal (GSI i oktober) og busette elevar (SSB ved årsskiftet), vil det alltid være litt avvik mellom desse tala. I år med mykje busetting av flyktingar kan og elevtala på skulane endre seg etter at tala til GSI er sendt inn. Utover i prognoseperioden er desse forskjellane viska ut. Då er tala for busette barn og samla elevtal på skulane identiske (om ein ser bort ifrå elevane fra Hjelmeland på Erfjord skule og dei få som går på skule i Sauda frå grunnkrins 0102).

4 Folketalsprognosen samanlikna med dei siste framskrivingane frå SSB (2024)

4.1 Folketalsutvikling i kommunen

På grunn av høge busettingstal for flyktningar dei siste åra, ligg det faktiske folketalet i Suldal kommune heilt i starten av perioden litt over det høge framskrivingsalternativet til SSB frå 2024. I første halvdel av prognoseperioden ligg prognosen midt imellom hovudalternativet og det høge alternativet til SSB. Mot slutten av perioden ligg Norconsultprognosen rett i overkant av hovudalternativet til SSB.

Busetting av flyktningar kan dei næraste åra medverke til litt auke i folketalet. Uendra tal på fødsjar og aukande tal på eldre, vil truleg etterkvart gje kommunen eit permanent fødselsunderskot. Utan flyktningar vil kommunen og truleg kunne få eit flytteunderskot. Kor stor nedgangen i folketalet framover i så fall vil bli står att å sjå, men om det ikkje dukkar opp noko spesielt som t.d. nye arbeidsplassar eller andre ting som kan trekkje til seg tilflyttarar, er det grunn til å frykte meir nedgang i folketalet enn det prognosen vår syner. Kor stor nedgangen vil bli på sikt vil og i stor grad avhenge av om dei busette flyktningane faktisk vert buande i kommunen eller ikkje.

Utan at dette er nærare verifisert, har vi i dei siste flyttetala for kommunen sett tendensar til meir innflytting til kommunen i dei eldre aldersgruppene. Om dette kan vere starten på ein ny trend eller ikkje, er vanskeleg å seie, men det kan kanskje handle om ein liten auke i tilbakeflytting for tidlegare utflyttarar til ein god alderdom i ein mindre kommune? Dette har vi sett litt av i enkelte kommunar rundt større byar (utan at vi kan dokumentere at det har vorte til ein trend)


Tabellen nedanfor syner utviklinga i folketalet i ulike aldersgrupper i Norconsultprognosen. Tala i tabellen syner aukande folketal dei to første åra i prognosen og nedgang i resten av prognoseperioden (størst nedgang i siste halvdel av perioden).

Folketal i heile kommunen						Prognose—————→															(alder ved utgangen av åra)				
pr 31.12	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040				
0 år	32	32	34	43	36	25	35	35	36	34	36	36	36	36	37	37	35	35	36	34	35				
1-2 år	77	77	69	77	85	87	70	66	79	76	75	80	80	77	74	76	79	77	77	77	78				
3-5 år	139	138	141	124	130	124	135	133	123	117	115	126	123	125	127	125	121	121	122	125	125				
6-12 år	359	336	327	350	347	356	349	334	329	332	308	305	301	305	300	297	288	285	290	285	284				
13-15 år	159	159	171	171	163	161	169	168	162	157	158	155	159	138	141	134	141	140	131	119	120				
16-19 år	180	191	207	214	238	231	225	235	214	207	213	199	190	198	186	190	185	172	171	174	169				
20-29 år	406	390	375	368	360	370	377	379	387	399	389	396	405	392	393	372	355	361	325	317	316				
30-39 år	395	381	386	418	432	433	438	438	438	424	416	405	399	397	389	399	405	403	422	428	419				
40-49 år	481	475	486	488	480	474	470	474	471	474	476	472	456	469	485	484	486	480	476	454	449				
50-59 år	501	496	489	493	497	496	483	485	485	488	505	501	506	492	472	465	458	455	457	458	455				
60-66 år	331	341	340	339	354	355	365	359	346	343	342	346	331	327	337	343	341	343	331	343	341				
67-69 år	154	158	163	145	132	132	134	145	149	151	152	145	146	152	143	138	132	137	146	138	143				
70-79 år	382	392	410	438	451	453	444	434	444	444	444	445	447	439	432	430	442	436	431	435	429				
80 år og over	213	218	217	221	234	254	264	266	286	297	313	327	344	365	383	399	406	413	419	428	434				
sum	3809	3784	3815	3889	3939	3951	3958	3951	3949	3943	3942	3938	3923	3912	3899	3889	3874	3858	3834	3815	3797				
årlig endring:		-25	31	74	50	12	7	-7	-2	-6	-1	-4	-15	-11	-13	-10	-15	-16	-24	-19	-18				

Den årlege endringa i folketalet i prognosen kan ventast å endre seg frå +0,3% i 2025 til -0,5% i 2040. Til samanlikning var auken i folketalet i 2023 på 1,9%, medan nedgangen to år før var på -0,7%

Prognosen frå Norconsult syner at folketalet i Suldal kommune, etter ein liten auke dei to første åra, kan ventast å minke frå **3.958** personar ved årsskiftet 2026/27 til **3.797** personar ved årsskiftet 2040/41. Dei 3 framskrivingane til SSB som er samanlikna med her, har innbyggjartal i 2040 på **4.065** (høgt alternativ), **3.768** (hovudalternativ) og **3.453** (lågt alternativ),

Figuren under syner Norconsultprognosen samanlikna med tre av framskrivingsalternativa til SSB frå juni 2024 (høgt alternativ, hovudalternativ og lågt alternativ).



4.2 Aldersfordeling i folketalsprognosen

Tabellen nedanfor syner utviklinga i Norconsult sin prognose for dei ulike aldersgruppene i inntektssystemet til kommunane. Som tabellen syner kan det ventast auke i aldersgruppene over 80 år utover i prognoseperioden, medan tala i alle aldersgrupper under 80 år er venta å bli lågare eller halde seg relativt uendra.

Folketal i hele kommunen						Prognose—————>																		(alder ved utgangen av åra)					
pr 31.12	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040								
0-1 år	71	67	65	80	82	64	62	71	74	69	72	75	73	71	72	74	72	72	72	71	71								
2-5 år	177	180	179	164	169	172	178	163	164	158	154	167	166	167	166	164	163	161	163	165	167								
6-15 år	518	495	498	521	510	517	518	502	491	489	466	460	460	443	441	431	429	425	421	404	404								
16-22 år	332	320	325	332	352	370	372	384	363	357	361	335	319	322	303	300	294	293	290	298	277								
23-66 år	1962	1954	1958	1988	2009	1989	1986	1986	1978	1978	1980	1984	1968	1953	1959	1953	1936	1921	1892	1876	1872								
67-79 år	536	550	573	583	583	585	578	579	593	595	596	590	593	591	575	568	574	573	577	573	572								
80-89 år	177	179	175	177	189	196	204	207	228	243	251	266	281	298	314	325	323	324	325	322	320								
90 år og over	36	39	42	44	45	58	60	59	58	54	62	61	63	67	69	74	83	89	94	106	114								
sum	3809	3784	3815	3889	3939	3951	3958	3951	3949	3943	3942	3938	3923	3912	3899	3889	3874	3858	3834	3815	3797								
årlig endring:		-25	31	74	50	12	7	-7	-2	-6	-1	-4	-15	-11	-13	-10	-15	-16	-24	-19	-18								


På dei neste sidene er den prognostiserte utviklinga omtalt og vist for dei ulike aldersgruppene i tabellen. Her finn ein og aldersvise samanlikningar med framskrivingane til SSB.

0-5 år:

Tala på barn i aldersgruppa med førskulebarn har halde seg relativt stabile dei siste par åra. Dei neste 5-6 åra er det grunn til å tru at talet vil bli litt lågare. Dette heng saman med låge fødselstal i 2025 og at det relativt store årskullet som vart fødd i 2019 no er i skulealder. Lenger utover i perioden er det håp om at tala kan stabilisere seg litt under nivået frå dei siste par åra. Det er her grunn til å leggje til at denne aldersgruppa er den einaste som utover i perioden berre omfattar personar som ikkje allereie er født. Usikkerheita i tala er difor større i denne aldersgruppa enn i dei andre aldersgruppene i prognosen.

Prognosen syner berre ein samla **nedgang på 10-15 barn i gruppa 0-5 år** gjennom heile prognoseperioden, frå 251 i 2024 til 238 i 2040 (- 5,2%). Det er i hovudsak forventning om litt nedgang i nettoinnflyttinga (sannsynlegvis talet på unge flyktningar) som er årsak til endringa. Fødselstala er venta å halde seg om lag på same nivå som dei seinare åra.

Figuren nedanfor syner at Norconsultprognosen ligg ganske nær og stort sett litt over hovudalternativet til SSB gjennom heile prognoseperioden. SSB hadde ikkje informasjon om fødselstala i 2025 då dei laga sine framskrivingar. Vår prognose byggjer på fødselstalsprognosar frå jordmortenesta i kommunen sommaren 2025.




6-15 år:

Talet på barn i grunnskulealder har auka litt dei siste par åra, men gjekk litt ned det siste året. Det er igjen grunn til å tru at busetting av flyktningfamiliar er ei viktig årsak til auken. Dei komande 2 åra er det venta auke i det samla elevtalet i grunnskulen, men i åra etterpå startar nedgangen. Utover i prognoseperioden syner prognosen ein stor nedgang. Dette heng saman med at storleiken på dei årskulla som kjem inn i skulealder er ganske mykje mindre enn dei årskulla som vert ferdig med grunnskulen. Samstundes er det venta mindre nettoinnflytting av barn i skulealder om ikkje busetting av flyktningar i skulealder held fram.

Samla sett er det venta ein **nedgang på 106 barn i grunnskulealder (-20,8%)** i løpet av heile prognoseperioden. Meir detaljar om kor i kommunen det kan ventast endringar er vist i kap. 7, der elevtalsprognosane for alle skulane er presentert.

Figuren på neste side syner at Norconsultprognosen for denne aldersgruppa ligg mellom SSB sitt hovudalternativ og høge alternativ i slutten av perioden, men ligg høgare enn alle alternativa til SSB i starten av perioden. At SSB sine tal ligg under våre i starten, heng saman med at SSB laga sine framskrivingar for om lag eitt år sidan.


**16-22 år:**

Dette er ei aldersgruppe der det i mindre kommunar ofte er fleire som flyttar ut enn som flyttar inn. Slik er det og i Suldal. Talet i denne aldersgruppa har auka ganske mykje dei siste åra, men dette har mest samanheng med at det er større årskull som har kome inn i aldersgruppa enn dei som har gått ut.

Dei første 3 åra i prognoseperioden ser denne auken ut til å halde fram, men utover i perioden vil dei største årskulla litt etter litt bli erstatta med mindre årskull. I tillegg til at det er mindre kull som kjem inn i aldersgruppa, kan det og (som vanleg) ventast ei netto utflytting som gjer at dei små kulla vert endå mindre. Dette gjer at det er venta ein relativt stor reduksjon i aldersgruppa utover i prognoseperioden.

Prognosen syner ein samla reduksjon i aldersgruppa på 75 personar (- 21,3%) i prognoseperioden. I 2040 syner prognosen 277 personar i aldersgruppa.


Figuren på neste side syner at Norconsultprognosen ligg litt over alle SSB-framskrivingane frå 2027 og nokre år framover, men tett opptil hovudalternativet til SSB i siste halvdel av perioden.

**23-66 år:**

Denne store aldersgruppa står for det meste av personskatteinntektene til kommunen (Oppdeling av aldersgruppa i mindre aldersgrupper finn ein i tabellvedlegget).

Den store auken i aldersgruppa dei siste åra heng igjen saman med busetting av flyktningar, som det er venta å bli mindre av i åra framover. Aldersgruppa auka med 1,1% og 1,5% dei siste to åra. Auken er ikkje venta å halde fram i åra framover. I 2040 er det i følgje Norconsultprognosen venta rundt rekna 1870 personar i aldersgruppa, som er 137 færre personar enn i 2024 (- 6,8%).

Som figuren under syner, ligg den siste Norconsultprognosen ganske nær hovudalternativet til SSB gjennom heile perioden. For kommunen er det eit poeng å vere merksam på at venta nedgang i aldersgruppa utover i perioden etter kvart vil kunne gje lågare skatteinntekter.



Aldersgruppa 67 år og over


Aldersgruppa 67 år og over er venta å auke mykje gjennom prognoseperioden. Auken kjem i dei aller eldste aldersgruppene (80 år og over) medan aldersgruppa 67-79 år er venta å halde seg meir uendra gjennom heile prognoseperioden.

Ved siste årsskifte var det 817 busette i kommunen som var 67 år eller meir. I 2040 er det venta rett i overkant av 1.000 personar i denne aldersgruppa. Dette svarar til ein auke på rundt 23%. I 2040 vil då 26,5% av kommunen sine innbyggjarar vere 67 år eller meir, mot 20,7% i 2024.

Den største auken i dei fleste kommunane dei siste åra har vore i den yngre delen av dei eldste aldersgruppene (under 80 år). Det har og vore tilfelle i Suldal kommune om ein ser på dei absolutte tala. Prosentvis har det desse åra vore størst auke i aldersgruppa over 90 år (25%). Framover vil heile aldersgruppa 80 år og over auke svært mykje, mvil vil en prosentvis er det aldersgruppa 90 år og over som vil auke mest, noko som vil få følgjer for kommuneøkonomien. Den eldste gruppa er den som har størst trong for pleie, og ei slik utvikling vil gje kommunen store utfordringar innafor pleie- og omsorgssektoren utover i perioden. Den venta utviklinga i prognosen for dei eldste aldersgruppene kvar for seg, er oppsummert på dei neste sidene:

67-79 år: Talet i denne aldersgruppa har auka med 47 personar (+8,8%) dei siste 4 åra, men gjennom prognoseperioden er det venta lite endringar. Tala kan ventast å gå litt opp og ned utover i perioden alt etter som større eller mindre årskull kjem inn eller går ut. Prognosen syner rundt 10 færre personar i 2040 samanlikna med 2024 (572 i 2040 mot 583 personar i 2024).

I denne aldersgruppa er det venta relativt lite flytteaktivitet over kommunegrensene. Ulike prognosar og framskrivingar er difor ganske like dei næraste åra, og er heller ikkje så ulike utover i perioden, slik figuren nedanfor viser.




80 år og over: Talet i denne relativt store aldersgruppa har «berre» auka med til saman 21 personar (+10%) dei siste 4 åra, men vil auke mykje meir utover i prognoseperioden. Det kan ventast ein **auke på 200 personar (+85%) frå 2024 til 2040**. I 2040 vil det truleg være mellom 430 og 440 personar i aldersgruppa, som «berre» utgjorde 234 personar i 2024.

Aldersgruppa over 80 år har til vanleg relativt liten flytteaktivitet over kommunegrenser. Ulike prognosar og framskrivingar er difor ganske like dei næraste åra. Norconsultprognosen ligger litt høgare enn SSB i starten og nær SSB sitt høge alternativ mot slutten av perioden. At vår prognose ligg høgt mot slutten av perioden, kan ha samanheng med at tala i vår prognose kanskje har fanga opp ein litt ny tendens til innflytting over kommunegrensa i dei eldre aldersgruppene (sjå kap. 4.1).

Det er verdt å merke seg at den prosentvise auken i aldersgruppa 90 år og over, er om lag like stor som i aldersgruppa 80-89 år i første del av prognoseperioden, men den eldste gruppa har ein mykje større prosentvis auke i siste halvdel av prognoseperioden (dei absolutte tala er sjølvsagt mindre).

Aldersgruppa 90 år og over kan ventast å auke med rundt rekna 150% i løpet av prognoseperioden; frå 45 personar i 2024 til over 110 personar i 2040. Dette vil, uavhengig av om prognosen slår heilt eller berre delvis til, gje kommunen store utfordringar i helse- og omsorgssektoren, fordi dette er ei tenesteintensiv aldersgruppe for kommunen.



4.3 Folketalsprognose for skulekrinsane

Gjennom prognoseperioden kan det ventast nedgang i folketalet i dei tre minste krinsane; Nesflaten -29 personar (-13,5%), Jelsa -46 personar (-16,7%), Marvik -53 personar (-13,7%).

I krinsane Erfjord og Vinjar er det venta ei relativt stabil utvikling, med rundt rekna 10 fleire personar mot slutten av prognoseperioden (+1,4% og +0,9%)

I Sand krins er det venta litt auke i første del av perioden, men litt lågare tal heilt mot slutten av perioden. Samla sett viser prognosen ein nedgang i Sand krins på 31 personar (-2,0%)


Omfanget av bustadbygging og busetting av flyktningar i dei ulike krinsane, kan påverke tala utover i perioden, men i og med at det ikkje er planlagt mange nye bustader eller venta busetjing av mange nye flyktningar, vil det vere alderssamansetjinga i krinsane som vil ha mest å seie for folketalutviklinga i åra som kjem.

Dei fleste krinsane i kommunen har ei relativt dårleg alderssamansetjing med tanke på vekst i talet på busette. Erfjord er den krinsen med best aldersfordeling. Erfjord har relativt sett mange busette i aldersgruppene 0-5, 6-15 og 30-49 år, og samstundes relativt få i aldersgruppene over 50 år.

Sand er den krinsen som samla sett kjem nærast Erfjord sine gode tal. Sand har høg andel busette i aldersgruppene 16-49 år og låg andel i aldersgruppa 67-79 år, som er positivt. Elles har krinsen ei meir normal alderssamansetjing. Vinjar har ein middels god aldersstruktur, med høg andel barn i skulealder, men og ein høg andel eldre over 80 år.

Jelsa, Marvik og Nesflaten har den dårlegaste aldersfordelinga av krinsane i kommunen. Nesflaten har den lågaste relative andelen i aldersgruppa 0-5 år og den høgaste andelen i aldersgruppa 80+ av alle krinsane. Marvik har den minste relative andelen i aldersgruppa 6-15 år og den største andelen i aldersgruppa 67-79 år. Jelsa har den minste relative andelen i aldersgruppa 16-29 og den største andelen i aldersgruppa 50-66.


Figuren på neste side syner venta utvikling i folketalet i dei ulike skulekrinsane i kommunen. Samla sett er ikkje endringane så store frå starten til slutten av perioden. Dette skuldast ei venta folketalsauke i første del av perioden, før tala peiker nedover igjen mot slutten av perioden.




Alle tal i figurane over, samt aldersfordelte folketal for skulekrinsane, finns i tabellvedlegget til slutt i rapporten.

5 Prognose for førskulebarn i kommunen og barneskulekrinsane


5.1.1 Heile kommunen




5.1.2 Erfjord skulekrins




5.1.3 Jelsa skulekrins




5.1.4 Marvik skulekrins




5.1.5 Nesflaten skulekrins



5.1.6 Sand skulekrins




5.1.7 Vinjar skulekrins



6 Elevtalsprognose for heile kommunen

Den første figuren i dette kapittelet syner ei samla elevtalsprognose for alle skulane i kommunen.



I føresetnadane for prognosen og i tabellvedlegget til slutt, er det gjort greie for nokre mindre avvik mellom elevtalsprognosane og prognosen for busette i grunnskulealder. Dette skuldast at dei historiske elevtala er offisielle elevtal frå Grunnskulen sitt Informasjonssystem (GSI) pr. 1. oktober, medan tal for busette vert registrert av SSB pr. 31. desember.


Sidan prognoseutrekningane i utgangspunktet er tufta på folketal frå SSB – vil nye elevkull i prognosen vere basert på årsskiftetal frå før skulealder, medan prognosen for eksisterande årsklassar for elevar vil ta utgangspunkt i historiske elevtal for den aktuelle årsklassen.

I det neste kapittelet er elevtalsprognosane for alle dei kommunale barneskulane i kommunen vist. Føresetnader for prognosen er omtalt i kap. 2.1.


Mrk! I elevtalsprognosane er elevar frå Hjelmeland kommune, som går på skulane Erfjord og Sand, tatt med i prognosetala. Samstundes er elevar frå grunnkrins 0102 Fattnes-Vanvik, som går på skule i Sauda kommune, ikkje med i prognosetala.

7 Elevtalprognose for dei einskilde skulane


7.1.1 Erfjord skule




7.1.2 Jelsa oppvekstsenter avd. skule




7.1.3 Marvik skule




7.1.4 Nesflaten oppvekstsenter avd. skule



7.1.5 Sand skule



7.1.6 Vinjar skule



Tabellvedlegg

Folketalsprognose 2025-2040 for kommunen og skulekrinsane

Framskrivning basert på status og endringar i befolkninga dei siste 4 år, justert i høve til venta endring i busetjing av flyktningar (inndelt etter aldersgruppene i inntektssystemet til kommunane)

Folketal i hele kommunen						Prognose----->																		(alder ved utgangen av åra)					
pr 31.12	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040								
0-1 år	71	67	65	80	82	64	62	71	74	69	72	75	73	71	72	74	72	72	72	71	71								
2-5 år	177	180	179	164	169	172	178	163	164	158	154	167	166	167	166	164	163	161	163	165	167								
6-15 år	518	495	498	521	510	517	518	502	491	489	466	460	460	443	441	431	429	425	421	404	404								
16-22 år	332	320	325	332	352	370	372	384	363	357	361	335	319	322	303	300	294	293	290	298	277								
23-66 år	1962	1954	1958	1988	2009	1989	1986	1986	1978	1978	1980	1984	1968	1953	1959	1953	1936	1921	1892	1876	1872								
67-79 år	536	550	573	583	583	585	578	579	593	595	596	590	593	591	575	568	574	573	577	573	572								
80-89 år	177	179	175	177	189	196	204	207	228	243	251	266	281	298	314	325	323	324	325	322	320								
90 år og over	36	39	42	44	45	58	60	59	58	54	62	61	63	67	69	74	83	89	94	106	114								
sum	3809	3784	3815	3889	3939	3951	3958	3951	3949	3943	3942	3938	3923	3912	3899	3889	3874	3858	3834	3815	3797								
årlig endring:		-25	31	74	50	12	7	-7	-2	-6	-1	-4	-15	-11	-13	-10	-15	-16	-24	-19	-18								

Folketal i Erfjord skolekrins					Prognose—————> (NB! Tabellen har berre med busette i Suldal kommune)																
pr 31.12	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040
0-1 år	18	17	10	12	19	16	13	14	15	15	16	16	16	15	15	15	15	15	16	15	16
2-5 år	22	28	35	39	36	38	39	35	37	35	33	37	37	37	37	37	36	35	35	36	37
6-15 år	85	82	77	80	82	86	95	97	95	98	95	97	102	102	103	102	100	99	96	94	94
